

Sak 29-20 Vedtak i medhald av §2. 3 ledd i renovasjonsforskriftene.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek slikt nytt 3 ledd til forskriftene § 15:

Dersom tankeigar har framandlekamar som t.d. klutar, filler og risikoavfall i tanken, kjem gebyr for ekstraarbeidet i tillegg til tømeprisen.

Saksutgreiing:

Styret har høve til å utdjupe renovasjon og slam forskriftene med heimel i forskriftene § 2.3 ledd siste heile setning: « VØR kan gi nærmere retningsliner for avgjerdene i forskrifta.»

I dette tilfellet vert styret invitert til å gjøre eit vedtak om at tankeigarar skal betale for den ekstrakostnaden som oppstår som følgje av at det vert levert framandlekamar i kloakkslam tanken.

Konsekvensen om dette tillegget ikkje vert vedteke, er at dei andre slamabonnentane må betale for at enkeltabonnentar sitt slam må leverast særskilt til deponi. Det nærmeste deponiet som tar imot slikt, er Vestnes. Kostnaden med ein slik tur vert gjerne kr 15000,- inklusiv innhald.

Tilrådinga til vedtak bygger på «forureinar skal betale» prinsippet i forureiningslova. I det ligg det at har du meir avfall eller meir kostbart avfall enn naboen, skal du betala meir enn han. De er ikkje fellesskapen som skal betale for det.

Dette er prinsippet som vert lagt vekt på i renovasjon og slam forskriftene elles, der VØR har høve til å pålegge ekstragebyr dersom nokon har for lite kapasitet til avfall jfr. § 7a 8 og 9 ledd.

I § 8a 4 ledd kan abonnenten gjerast økonomisk ansvarleg som følgje av aktlaus bruk av behaldar.

For slam vert det rekna ekstragebyr dersom ein treng bruk av spesialutstyr eller ekstra töming utanom rute. Men kvalitetsavvik i sjølvé slammet er ikkje særskilt nemnt. Det prøver vi å rette opp med dette vedtaket.

Bakgrunnen for at kravet kjem no, er töming av ein slamtank, der eigaren har sendt risikoavfall/ sprøytespissar i tanken. Norva 24 var på staden og skulle töme den 5 mai, og oppdaga avviket. Det er dokumentert med foto. Tanken vart ikkje tömt.

Tilfellet er likevel ikkje unikt. Framand-lekamar som klutar, tvoger og kle påfører entreprenørane årleg bruk av mykje ekstratid ved töming av tank. Det har vore påtala fram igjennom i einskildtilfelle, utan at situasjonen har betra seg. Truleg fordi det ikkje har hatt konsekvens. Den heimelen får ein no. Punktet vert administrativt fremja som eige punkt til gebyrforskrifta som skal vedtakast i kommunestyra seinare i haust.

Utviklinga ved anbod innan renovasjon i seinare tid, har vore at einingsprisen er generell og låg, og så kjem tilleggskrava for det som påfører kontraktsparten vår ekstrakostnader. Vi har vore vant med det ved levering av avfall, men no ser vi meir og meir av det og på slam.

Fagleg sett ser eg ikkje noko feil i det. Den enkelte bør ta ansvar for eigen eigedom og eigne anlegg, og ikkje legge rekninga på fellesskapen. Legg alle til rette for slamtöming utan avvik, går innsamlinga lettare og gebyra held seg låge.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar